

INSTITUSJONSHISTORISKE STREIFLYS

Otto Hageberg, Universitetet i Oslo

Kjære Nils Magne, til lykke med dagen ved milestolpen. Eg møtte deg først som redaktør i *Universitas*. Frekk og utfordrande var du, ein dugande skribent, ein gong mobba du meg sterkt, det har du kanskje gløymt.

Seinare vart det Blindern og Tromsø. Det var naturleg at du skulle vera med og byggja opp den institusjonen som starta varsamt tidleg i 1970-åra, og du har vore med og gitt profil til nordiskfaget ved Universitetet i Tromsø.

Nordiskfaget var så vidt eg veit pionerfaget i Tromsø, på ein særleg måte, før Universitetet vart skipa, og det har eg meir kjennskap til enn mange. Sommarsemesterundervisninga i nordisk ved Universitetet i Oslo var ein spydspiss for tilrettelegging av det som seinare skulle skje her nord. Det vart avgjort at slik undervisning skulle gjevast i Tromsø, ved det som den gongen heitte lærarskulen, ikkje lærarhøgskulen den gong, for lærarar frå Nord-Noreg som ville ta grunnfag ved å gå på kurs to fulle sommarmånader med oppgåveskriving om vinteren. Dei først prøveåra skulle vera 1966-67, og det skulle avsluttast med eksamen. Seinare kom også historiefaget med.

Dei som planla dette, la stor vekt på at dei studentane det galdt, skulle få lokal immatrikulering, rett nok ikkje ved Universitetet i Tromsø, som ikkje fanst, men ved Universitetet i Oslo. Dekanus ved Det historisk-filosofiske fakultet, UiO, skulle reisa nordover, ta på seg kappe, halda tale og dela ut akademisk borgarbrev. Dette var meint både som ein gest og ein test og ei førebuing til det som seinare skulle skje ved ein eigen akademisk institusjon.

Frå ei side sett vart det ein formidabel fiasko første gongen. Dvs dekanus frå Oslo, professor Eivind Fjeld Halvorsen, møtte opp med kappe og velvalde ord, og studentane var pynta og fine. Men det møtte ikkje opp ein representant frå pressa i byen, som var orientert på førehand, og heller ingen frå lokale styresmakter. Fjeld Halvorsen var djupt såra og vonbroten; han gjekk på byen på eiga rekning i lag med dei utsende lærarane frå Oslo; etter kvart kom somme av dei nyimmatrikulerte studentane til. Ein av dei redde kvelden for Fjeld

Halvorsen ved å kle av seg nesten alt på kaia og stupa uti like etter at sørgående hurtigrute hadde lagt til i midnattssol.

Når eg veit dette, er det fordi eg var med. Eg, den unge vitskaplege assistenten ved norskseksjonen ved Universitetet i Oslo, som aldri hadde vore funnen verdig til å halda ei førelesing ved min eigen heimeinstitusjon, vart ikkje berre beden om å påta meg å førelesa dei første fjorten dagane ved kurset i Tromsø i juni 1966; eg fekk også høve til å halda den aller første førelesinga og ønskja dei nye studentane velkomne til fagstudium i Tromsø. Slik vart eg sjølv innvigd til akademisk karriere. Slik vart fagstudiet i ishavabyen opna av ein rekrutt! Dosent, seinare professor, Bjarne Berulfsen delte kurset med meg; han språk, eg litteratur. Og det vart altså eg, ikkje fylt 30 år, som fekk møta studentane først; det var ca 30 i alt, og eg hugsar ikkje alt, men noko har eg eit heilt presis minne om den dag i dag. Ein student hadde slikt strålande vakkert namn: Gullhav heitte han, ikkje noko mindre; eg ser han for meg. Ved veggen på pultrada til høgre sat det ei moden dame som merkte seg ut ved å vera aktiv frå første stund, veltalande og kunnskapsrik. Det var Anne Marie Lorentzen, lærar i Hammerfest, seinare samferdselsminister og ambassadør i Reykjavik. Det er fleire eg hugsar; dei var sjølve flinke lærarar med mykje røynsle, og alle var nok eldre enn meg. Men dei godtok meg, og vi hadde det fint saman dei to vekene Berulfsen og eg var der, før andre overtok og liksom førte stafettpinnen vidare.

Sommaren etter var det på same vis. Det var kome fleire studentar til, og det skulle haldast ny immatrikulering. Det var din rettleiar, Nils Magne, professor Edvard Beyer, som skulle stå for den det året. Han hadde fått lånt kapp, som var stor for han, men han heldt ein fin tale, med perspektiv inn i framtida for Tromsø som universitetsby. No hadde dei elles vakna, både i fylkeskommunen og Tromsø by. Etter immatrikuleringshøgtida dette året vart det halde kommunal middag i lokalet til Arbeidarforeninga i Tromsø. Ordføraren var vert; eg trur han heitte Nordgaard, biskop Norderval med frue var det og mange fylkes- og kommunepolitikarar, i tillegg til fire universitetslærarar frå Oslo. Det vart halde mange talar. Mannen som hadde bore kappe tidlegare på dagen, Edvard Beyer, minte om at høgtida hadde vore upåakta året før, og han gav ros til dei som no gjorde det litt annleis, ros, men også ei tydeleg påminning. Planane om universitet i nord var komne lenger enn året før. Han minte om at

denne middagen var den første markering av immatrikuleringshøgtid i byen, og eg hugsar han sa. "Takk for invitasjonen til et arrangement som er selvfølgelig. Vil Tromsø ha universitet, må de selvsagt arrangere middager."

Middagen fekk elles ei dramatisk utvikling. Erling Nielsen, som hadde danskundervisning den aktuelle veka, fekk blodpropp i beinet midt under middagen og måtte fraktast ut på bære. Han hadde fru Norderval til bords. Seinare sa han alltid: "Det var dengang da bispinden bed meg i benet".

I ettertid har eg tenkt at for meg var dette opphaldet i Tromsø som "pioner" eit privilegium. Sidan det velvillig tolka kan seiast å vera ein del av institusjonshistoria, frå ei tid då du endå var student i Oslo, helsar eg deg med dette glimtet frå ei fjern fortid! Til lykke med dagen!